

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.05.2021

SAKSHANDSAMAR: Sølvi Lerfald

SAKA GJELD: **Forskning og innovasjon til pasientens beste. Nasjonal rapport fra spesialisthelsetjenesten 2020**

ARKIVSAK: 2021/709

STYRESAK: 054/21

STYREMØTE: 16.06. 2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar rapporten «Forskning og innovasjon til pasientens beste» til orientering.

Saka er felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Forsking og innovasjon til pasientens beste er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forsking og innovasjon medverkar til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med nasjonale nøkkeltal for helseforskning. Rapporten er utarbeida av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Vest, og er forankra i RHF-a sitt AD-møte. Arbeidsgruppa har to representantar frå kvart RHF og to brukarrepresentantar. Rapporten vart formelt overlevert til Helse- og omsorgsdepartementet v/statsråd Bent Høie 1. juni 2021.

Rapporten blir med dette lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

Fakta

Oppdraget om ein nasjonal rapport om forsking og innovasjon vart første gong gitt i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2013, og har blitt vidareført årleg etter dette. Den framlagte rapporten er den åttande i rekka.

Rapporten presenterer i alt 18 prosjekt frå helseføretak over heile landet. Arbeidet med presentasjon av prosjekta har involvert kommunikasjonsavdelingane i dei aktuelle føretaka. Helse Vest RHF har utført det redaksjonelle arbeidet.

Kapittelet om nasjonale nøkkeltal inneheld 48 figurar og tabellar med data frå blant anna eRapport, som er RHF-a sitt system for rapportering frå forskingsprosjekt, NIFU (Nordisk institutt for studium av innovasjon, forsking og utdanning), Cristin (Current Research Information System in Norway), Forskingsrådet og Induct (innovasjonsrapportering).

Kommentarar

Prosjekta som er omtala i rapporten har fokus på korleis forsking og innovasjon bidreg til kunnskapsutvikling og nytte for pasientbehandlninga. Å synleggjere resultat frå forsking og innovasjon i spesialisthelsetenesta er viktig for omdømmet blant vedtaksorgan, det politiske miljøet og publikum generelt.

I utveljinga av prosjekta er det tatt omsyn til blant anna kvalitet, fagområde, geografi, forsking vs. innovasjon og universitetssjukehus vs. mindre sjukehus. Det blir også tatt omsyn til nasjonale satsingsområde og kva for fagfelt som er presentert i tidlegare rapporter.

Fordelinga av prosjekt per region:

| | | |
|-------------------|------------|------------|
| Helse Nord: | | 3 prosjekt |
| Helse Midt-Norge: | 3 prosjekt | |
| Helse Vest: | | 4 prosjekt |
| Helse Sør-Øst: | 8 prosjekt | |

Kapittelet om nasjonale nøkkeltal er delt inn i åtte delar:

1. Indikatorar i nasjonalt målesystem.
2. Publiserte forskarar og vitskaplege stillingar
3. Fagområde og type forskning
4. Internasjonal finansiering og samarbeid med næringslivet
5. Brukarmedverknad
6. Forskingsetikk og personvern
7. Innovasjon
8. Regionale nøkkeltall

Blant nye nøkkeltal frå årets rapport, finn vi i del 3 oversikt over forskingssamarbeid med kommunehelsetenesta, og informasjon om kva type rusforskning som blir finansiert av RHF-a sine forskingsmidlar.

Målet med brukarmedverknad i helseforskning (del 5) i spesialisthelsetenesta er å betre kvalitet og relevans på forskinga. Brukarmedverknad er at brukarens erfaring, perspektiv og behov bidrar til å påverke, utvikle og endre helseforskinga. Brukarane kan delta i ulike deler av forskingsprosjektet og/eller på eit meir overordna strategisk nivå.

Rapporten viser at talet på forskingsprosjekt med brukarmedverknad har auka frå 20 % i 2014 til 81 % i 2020. Blant innovasjonsprosjekt er det 77 % som har brukarmedverknad.

I årets rapport er data frå innovasjonsprosjekt finansiert av RHF-a henta inn og presentert for første gong (del 7). Formålet har mellom anna vore å få oversikt over kven prosjekta samarbeider med. Næringslivet toppar lista over samarbeidspartnarar, men nesten like mange har samarbeid med universitets- og høgskulesektor, andre helseføretak og TTO-ar (Technology Transfer Office).

Data om handtering av innovasjonsidear kan tyde på at idéskapning har vore skadelidande grunna pandemien. Eit positivt trekk er likevel at det er ei auke i talet på innovasjonsidear som er gjennomført.

Vedlegg:

Forskning og innovasjon til pasientens beste. Nasjonal rapport fra spesialisthelsetjenesten 2020.

